

Senterpartiets Stortingsgruppe
0026 Oslo

Oslo, 27. juli 2015

Statsråd Monika Mæland

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo

Ber om utsetjing av høyringsfrist for regjeringa sin modell for investeringsavtalar

Underteikna viser til artikkel i Aftenposten måndag 27.07.2015 om modellen for investeringsavtalar som Nærings- og fiskeridepartementet har lagt ut for høyring med frist 13. august 2015. Av artikkelen går det fram at sivile organisasjonar som Norsk Folkehjelp opplever det svært krevjande å gje høyringssvar innan tidsfristen, då det meste av høyringsperioden er lagt til sommarmånadene. Norsk Folkehjelp tek her til orde for at høyringsfristen bør utsetjast.

I ein artikkel i Klassekampen 28.05.2015 kjem det fram at regjeringa ikkje ynskjer å leggje fram modellen for investeringsavtalar til handsaming i Stortinget. Når modellen for investeringsavtalar såleis ikkje vert handsama i Stortinget, noko som ville gitt grunnlag for ein brei offentleg debatt, er det desto meir avgjerande at alle interesser i løpet av høyringsperioden får reell moglegheit til å gje grundige tilbakemeldingar kring regjeringa sin modell for investeringsavtalar.

Senterpartiet ber på dette grunnlag Nærings- og fiskeridepartementet om å utsetje høyringsfristen for regjeringa sin modell for investeringsavtalar til 1. oktober 2015.

Mvh

Senterpartiets stortingsgruppe
v/ utenriks- og forsvarspolitisk talskvinne

Liv Signe Navarsete